



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/5926 - 14/19780

Saksbehandlar:
Kristin Nielsen
kristin.nielsen@lindas.kommune.no

Dato:
02.09.2014

Oversending av søknad til uttale - gbnr 81/10 Risa

Saka gjeld søknad om tiltak utan ansvarsrett for oppføring av tilbygg med samla BYA på 49,0 m² til eksisterande fritidsbustad. Tiltaket krev dispensasjon frå pbl § 1-8. Det er ikkje søkt om dispensasjon, men tiltakshavar er orientert om at tiltaket krev dispensasjon og at søknad må sendast inn.

Det ligg ikkje føre merknader.


Planstatus

Eigedommen ligg innanfor planområdet for kommunedelplan for Lindåsosane. Inntil denne planen vert vedteken, er det «Kommuneplanen for Lindås kommune i perioden 2003-2014» som er gjeldande plan for eigedommen.

Tiltaket er vurdert å liggja innanfor punkt 2.4. i kommuneplanen, som gjeld unntak frå krav om reguleringsplan.

Tiltaket krev dispensasjon frå pbl. § 1-8, byggeforbodet i 100-metersgrensa langs sjø.





Utklipp frå «Kommuneplan for Lindås kommune 2003-2014» som syner at den omsøkte eigedommen ligg innanfor område avsett til fritidsbustader.

VURDERING

Punkt 2.4 i «Kommuneplanen for Lindås kommune i perioden 2003-2014» opnar for tiltak utan krav til utarbeiding av reguleringsplan. Tiltaket bryt ikkje med dette plankravet.

Kommunen er i utgangspunktet positiv til tiltaket. Det er eit mindre tiltak på ein frittliggjande tomt som ligg i forlenginga av eit eksisterande regulert hyttefelt. Det omsøkte tiltaket vil ikkje endre området karakter i vesentleg grad.

Det vert vist til innsendte søknadar med vedlegg som følgjer som vedlegg ved denne oversendinga.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Kristin Nielsen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilleggsdokumentasjon til saka gbnr 81/10 Risa - tilbygg/fasadeendring

Nabovarsel med vedlegg

Situasjonskart

Fasadetegning

Snittegning

Plantegning

Søknad om tiltak utan ansvarsrett - gbnr 81/10 Risa - tilbygg og fasadeendring

Teikningar

Situasjonskart

Kopi til:

Aksel Valen

Valagjerdet 15

5355

KNARREVIK

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

Bergen